

KONTAKTBLAD FOR

Nr.42

Februar 2011

# HJARTDAL HISTORIELAG

---

Du er velkommen på

## ÅRSMØTE

onsdag 23.februar kl.19.00  
på Bøen Kiosk og Kafe i Tuddal

Vanlege årsmøtesaker  
Kaffe mv.

Dag Krokaa fortel om  
lagsavisa til Hjartdal Ungdomslag 1916-18

Les elles om:

Forrige årsmøte  
Kyrkjejubileet m/oslotur  
Årbokutgjeving  
Skogeigarlagsjubileum

---

Det er ei stund sidan vi gav ut forrige kontaktblad, og i den samheng kan det være på sin plass å minne medlemmer og andre om at spaltene står opne for bidrag frå alle. Små og store tema frå bygdenes nære eller fjærne historie er velkomne.

Sidan sist har det vore arbeidd med kyrkjejubileet, og å få ferdig kartet over Sauland. Begge delar blei vel gjennomført. I tillegg går arbeidet med å rydde og merke stiar vidare.

Det er rom for meir aktivitet i eit historielags regi. Det er bare å komme med nye prosjekt. Om du har ein meir eller mindre privat historisk ide, kan det ofte være greitt å ha eit lag til å stå bak eller stø opp om gjennomføringa av ideen.

Vi minner også om at det er åpent hus for medlemmer og andre på biblioteket i Sauland andre onsdag i kvar månad.

På desse kveldane er programmet ganske "laust" og ein kan finne litt av kvart å lese eller snakke om.

Nytt i vinter er at vi har fått fram ei storsamling av kopierte gamle avisutklipp. Dette er Hjartdalsstoff frå 1870-åra og fram til dei første etterkrigsåra - eit par tusen sider. Dette er fint ordna i permar med register av Trygve Wang, ein pensjonert lærar i Skien. Vi vil truleg komme attende til dette i seinare blad.

Vi har også avfotografert alle sidene som sikkerhetskopi, og dette gjer at ekstra utskrifter av stoffet etterkvart kan bli utlånt til alle interesserte. Førebels kan det lesast på biblioteket, for eksempel på dei åpne kveldane.

## Åpne historielagskveldar vinter og vår 2011:

Onsdag 9.februar kl.18.00

Onsdag 9.mars kl.18.00

Onsdag 13.april kl.18.00

Onsdag 11.mai kl.18.00

# Skogeigarlaga i Hjartdal feirar 100 års

I 1912 såg det første skogeigarlaget i Hjartdal dagens lys. I alle fall det første som kan dokumenterast. Difor har dagens Hjartdal skogeigarlag lagt opp til ei markering i 2012. Dette jubileet er alt under førebuing. Eit hovudpunkt er å gje ut eit jubileumsskrift, kanskje i form av ei heil "historiebok" om skog, organisering og drift i hjartdalsbygdene gjennom tidene.

Toralf Hjartsjø, formannen i skogeigarlaget, og skogbruksleiar Bendik Skeie har vendt seg til HHL med spørsmål om laget kan ta på seg arbeidet med å produsere eit slikt skrift. Etter litt betenkningstid har vi svara ja til dette.

Ein ser at det kan vere mykje stoff som kan utgjere ei slik bok. Skogen har i hundreår vore ein viktig del av det hjartdølar har levd av. Hovudsaken med jubileumsskriftet vil sjølvsagt vere organisasjonens rolle gjennom dei

hundre åra, men alt skogen elles har hatt å seie for bygder som våre vil kunne fylle ei slik bok utan vanskar.

Ein del arbeid er alt gjort i form av intervju med eldre, viktige personar innan næringa. Dessutan er det skaffa fram gamle og nyare protokollar frå skogeigarlaga gjennom tidene. Ein del eksisterande litteratur, særleg telemarksk skogbruk gjennom tidene, er funne fram og lese, og ein del idemyldring har foregått. Ein god del skrivearbeid er også gjort, hovudsakleg av Torkel Hytta.

Også her må vi be medlemmer om idear, innspel og bidrag. Ikkje minst er det viktig med foto og illustrasjonar i samband med eit slikt produkt. Så har du bilde som kan seie noko om skog og skogsdrift i hjartdalsbygdene gjennom tidene, så sei endeleg ifrå - til Torkel Hytta.



*1937: Gjermund Havrås på lasset og Gunnar Roheim bak rattet på Olav Brennekåsas første tømmerbil*

# Oslotur

I Juni 2009 var ein full buss av historieinteresserte Hjartdølar på tur til hovudstaden, særleg for å sjå portalen frå den gamle stavkyrkja i Sauland. På bildet under ser vi mange av deltakarane framfor portalen. Og som vi ser, går han heilt opp til taket i hovudsalen på oldsakssamlinga i Oslo.

Etter eit godt måltid på ein særprega restaurant på Bygdøy, gjekk turen til Norsk folkemuseum, der fint vær gjorde at deltakarane kunne oppleve utandørsmuseet med alle dei kjende bygdetuna. Omvisar Margit Hytta kunne også vise oss rundt inne i bygningane. Telemark er godt representert på folkemuseet, ikkje minst ved Håve-stugu frå Heddal som i si tid var ein viktig del av opptakten til skapinga av museet.

Ved sida står Gol stavkyrkje som på mange måtar kan samanliknast og gje inntrykk av korleis Saulandskyrkja såg ut.



# Kyrkjejubileet i Sauland

Sauland kyrkje markerte 150-årsjubileet sitt hausten 2009. Historielaget hadde ei rolle særleg i å skaffe historisk bakgrunnstoff til dette. Osлотuren med besøk på oldsakssamlinga der Elise Kleivane presenterte stavkyrkjeportalane, var ein fin opptakt.

Hovudrolla hadde David Mundal, leiar i Sauland sokneråd og fellesrådet, og aktivt historielagsmedlem. Særleg kom arbeidet hans til syne i jubileumsarrangementet den 15. november, der både Hjartdalskoret, Sauland ungdomslag, kyrkjas eigne tilsette og fleire til, gav eit innblikk i kyrkjas historie frå dei første tider med stavkyrkja fram til dagens saulands-

kyrkje. Davids powerpoint-presentasjon ramma inn eit program fylt av sang, musikk, teateropptrinn og kåseri.

På ein noko forsinka ”premierfest” arrangert av ungdomslaget på nyåret, fekk vi presentert ein velredigert film frå arrangementet. Denne er tilgjengeleg for publikum og er eit flott dokument med all den historiske kunnskapen som kom fram i og med dette arrangementet.

Neste kyrkjejubileum blir i Hjartdal truleg i 2012. 200 år skal feirast, og ein kan gjerne begynne og tenke ut gode idear til den anledningen.

*Jordskjelvet under konfirmasjons-gudstenesta i 1904 sette ein stökk i mange. Her er det pres-ten ( Halvor Tho) som prøver å roe ned kyrkjelyden som blir gripen av panikk*

*Foto:  
Ivar T.Dahl*





## Årsmøtet 18.3.2010 (v/ Torun Gjerjordet)

Årsmøte vart halde på Nordbø Pensjonat i Hjartdal.

Det var 16 frammøte ink. styre. Leiar Torkel Hytta ynskja alle velkommen og las opp årsmelding 2009. (Sjå side 8)

Britt Hjartsjø las opp referat frå Oslo-turen 6.juni, som hadde vore ein vellukka tur.

Deretter gjekk Svein Bakkalia gjennom regnskapet. Bakkalia opplyste om at det tidlegare år hadde det vore ca 20 overføringar, medan det i 2009 hadde ca 50 overføringar. Aktiviteten er stigande i laget. Og økonomien er bra.

Leif Skoje representerte valkomiteen. Svein Bakkalia, Geir Brukås, Torunn Gjerjordet og Torkel Gjerde var på val. Alle vart spurt om dei ville halde fram, og alle sa ja. Anne Tone Larsen vart spurt om å vere vara til styret og svara ja til det.

Deretter var det forfatterintervju med Frode Bakka: Torkel intervjuar Frode på ein flott måte, og me fekk litt innblikk i ein diktars liv. Han las opp nokre av dikta sine sjølv.

Matpause: Karbonadesmørbrød og kaffe og kaker.

Idear til turar: Middelalderveka i Numedal. Starte i Kongsberg kyrkje. Det vart ikkje bestemt noko.

### INNSLAG: SVEIN VETLE TRAE:

Han har vore ein primusmotor i historielaget i Åmotsdal og ville fortelje korleis dei dreiv laget, kva dei gjorde og fortalte historier frå Åmotsdal og kringom.

Historielaget i Åmotsdal hadde møte kvar månad. Dei samla jamnleg inn historisk stoff og gjev kvart år ut eit årsskrift og hefte(kor ofte?)

I Åmotsdal brukar dei soger og segn i skulen. Dei har også hatt skodespel om og frå eldre dagar. Og Svein Vetle Trae formidlar historier og fortel om gamle stadar vidare til andre skular i kommu-

nen. Han tar elevane med til gamle plassar og prøvar å få til ei undring hos den oppvaksande slekt.

"Tusen år langs Skardsvegen" var eit tema dei har bruka i Åmotsdal.

### HISTORIER FRÅ ELDRE DAGAR:

Gvanes v Sudbø:

Jon Gvanes, vart lærermeister til Myllarguten.

Stort samkvem mellom Hjartdal og Åmotsdal før i tida. Felles fjellområde.

1793 født ein gutt i Sauland, Halvor Leitestaulen. I 1805 kom han som 12-åring til Langlim. Han var med i krigen

i 1814 og havna i kampane mellom Stavern og Moss, der han kjempa mot svenskane.

Etter at han kom attende frå krigen fekk han vel det vi i dag vil seie post-traumatisk stress-syndrom og rydda 6 gardar, jobba og jobba for å halde tankane borte.

Lærte seg hallingdans under krigen. Han ville gifte

seg, men måtte gå for presten fyrst. Halvor hadde ikkje så lett for bokleg lærdom, men han kunne danse haling og fekk derfor gifte

seg med Bergit. Ho døydd tidleg. Seinare reiste han frå plass til plass.

I 1802 vart det født ei lita jente kalla Anne i Hjartdal eller Sauland. I 1828 drog hoforbi Garvikstrondi, forbi Høgsvell vidare til Skardsvegen. I 1828



*Ein soldat frå Åmotsdal slik Johannes Dalen såg han for seg etter Svein V. Traes forteljing*

gifta ho seg med Eivind, Holtarholet, men mannen døydde tidleg og ho vart verande att aleine med fleire ungar. Ho flytte til Møsstrond, Anne Fivilbøen. For å greie å fø på ungane tok Anne på seg julevask rundt omkring. Heim frå julevask eit år drog det ut på heimvegen. Det var ein kald veslejuleftan da ho var på veg heimatt, Anne vart sliten og la seg inn i eit sel på vegen. Ho må ha sovna og fått skikkeleg forfrysningar i det slo seg kollbrann i beina. Beina måtte amputerast, og ho vart ikkje i stand til å ta seg av ungane. Dei vart derfor satt bort. Men Anne Fivilbøen vaska framleis og slo grass. Eit og eit halvt mål grass om dagen kunne ho slå.

#### ÅRSSKRIFT:

I Åmotsdal hadde dei ein redaksjonskomite med tre personar. Dei prøva å bygge opp gode relasjonar med folk, snakke med folk, be dei skrive det ned utan å mase for mykje, men passe på å pleie kontaktane. Og tilby dei hjelp om dei trong det. Blant dei gamle på aldersheimen ligg det mykje kunnskap som er verdt å bruke. Det kan også vere fint å samarbeide med andre lag i bygdene.

Stilen i årsskriftet er ikkje fastlagt, men dei ser helst at det vert skrivi på nynorsk. Formatet dei bruka var A4 fordi då vart bileta betre og det gjev meir luft mellom linjene, og dermed lettare/betre å lese. Biletmateriell er det viktig å få tak i. Eit godt råd var også å byrje tidleg slik at det ikkje vert noko press med ein "deadline".

Tema som var med i årsskriften kunne vere: bureising, gamle skular, gamle sliterar som ikkje har fått merksemd før, gamle reidskap, det vart bruka stoff frå Telemark tidene, bunadar, med andre ord både variert og stor breidde i stoffutval. Årsskriftet la dei ut for sal i bokhandlerar i kommunen.

(Årsskriftet frå Åmotsdal er å finne i HHL si samling)

#### ANDRE IDEAR TIL HISTORIELAGSARBEID SOM KOM FRAM UNDER MØTET::

- Lokale historiar presentert under lokale gåturar i bygdene
- Samarbeid og tur med idrettslaga.
- Historien til idrettslaga og andre tema knytta til laga
- Tur til Middelalderuka i Numedal



*Teikningar av Johannes Dalen  
(Laga under årsmøtet)*

## Årsmelding 2009.

Årsmøtet 2009 var på Løvheim Gjestegard 26/2. Ragnhild Kaste Kaasa fortalde og viste lysbilder om registrering av husmannsplassar.

Me byrja på nyåret med ufomelle møtekveldar ein torsdag i monaden. Tema dei første gongane var bildesamlinga etter Mattis Omnes som kom for dagen hausten 2008, på vårparten hadde me også eit møte på Løvheim med visning av Hjartdalsfilmen og filmen frå Hjørdøla Kraftverk frå 1950 og -60-talet. Møtet var svært godt besøkt og samla minst 50 personar. Me har halde fram med torsdagsmøta på Biblioteket, men ikkje alltid med oppsatt program.

Arbeidet med rydding og merking av gamle ferdselsvegar fortsatte i fjor, men da mest i Sauland. Ein slik nyrydda sti gjeng frå Landsverk inn i den gamle husmannsgrenda "Ødemark" og til Goligruva, gamal kopargruve. Dette blir eit av kjentmannsmerka til Notodden Turlag til sommaren. Me har elles tatt kontakt med Turlaget og med enkeltpersonar i Hjartdal og Tuddal for å få i gang liknande aktivitet i resten av kommunen.

Saulandskartet – som er eit turkart, men med spesiell vekt på navneregistrering- blei ferdig sist haust, og er lagt ut til salg.

Historielaget arrangerte tur til Nasjonalgalleriet, Historisk Museum og Folkemuseet i juni. Litt av bakgrunnen for turen var å sjå ting med tilknytting til den gamle stavkyrkja, så som portalen og Tidemanns maleri. Turen samla ein full buss, og blei svært vellykka. Ein annan triveleg tur laga vi til seinare på sommaren som ein "rusletur" ein ettermiddag på Gamle Tuddalsvegen med innlagt servering på Klingberghaugen. To forskjellige, men vellykka turar.

Elles kan nemnas at me deltok på Saulandsdagen i september, og me var også medarrangør av Kyrkjejubileet om hausten med Leif Skoje som "veileder" for det lokalhistoriske stoffet.







## *Fred*

Om en katt  
Venter rolig  
På trammen

Kan du trygt  
Ringe på  
Da er det  
Fred  
I huset

*Frode Bakka*

*Bidragssytarane under årsmøtet:  
Frode Bakka og Svein vetle Trae*

Med såpass fyldig dekning av siste årsmøtet, vil vi at medlemene skal minnast på at det kan vere gjevande å møte opp på årsmøtet nå i februar. Ein treng ikkje vere redd for å bli pådytta plikter eller styreverv. Valgkomiteen har kandidatane klare på førehand.

Ta også med venner og kjentfolk. Alle som vil er velkomne til å få seg ein kaffekopp og høre Dag Krokaa fortelje om den snart hundre år gamle handskrevne lagsavisa til Hjartdal ungdomslag.



## Eiga årbok frå Hjartdal historielag 2011

Etter over 20 års planlegging er nå arbeidet med årbok frå Hjartdal historielag i gang.

Leif Skoje skreiv allerede i Kontaktbladet i 1991 at historielag med respekt for seg sjølv gjev ut årbøker. Han skreiv at Telemark Historielag seier rett ut at årboka er sjølve berebjelken i lagsdrifta. Lokale historielag som f.eks. Notodden og Tokke har gjeve ut eigne årbøker i fleire år.

Problemet i 1991 var distribusjon og økonomi og ein dugnadsgjeng. Produksjonskostnadene i dag er mindre og dugnadsgjengen er nå på plass. Vi er igang !

Årbokarbeid er tidkrevande, men interessant – og viktig for for folk i bygdene våre. Kjell Haugland, forfattar av ”Årbokarbeidernes ABC”, meiner årbokarbeid er kulturell verdiskaping og pekar på fem gode grunnar til å bruke tid og krefter på dette.


I tillegg til at vi får fram historisk kunnskap til forskingsarbeid, skular og det lokale næringsliv, styrkar lokalhistorisk kunnskap følelsen av å høre til i eit fellesskap. Årboka sikrar kunnskap om fortida som ellers ville gå tapt. Ikkje minst får mange ein god leseopplevelse. Folk likar å lese om sitt eige lokalsamfunn.

Etter litt om og men er vi nå fulltallige i redaksjonen. Svein Bakkalia er leiar med Leif Skoje og Torgunn Opsal som ivrige redaksjonsmedlemmer. Men det er ikkje vi som fyrst og fremst skal vere forfattarar. Utan bidrag frå bygdefolket er vi sjanselause. Sjølv om både Halvor Sisjord og Anne Haugen Wagn er godt i gang med sine artiklar, er det slett ikkje nødvendig å være faghistorikar eller forfattar frå før. Alle historiske emne, personlege opplevingar og livsminne er interessante. Ingenting er betre om du har artikkelen fullt ferdig på PC, men det er absolutt ikkje nødvendig. Vi helper gjerne til med formuleringar og anna for å få akkurat di historie på trykk.

Vi i redaksjonen synes dette er spennande og ser fram til å høre frå deg !

SvBa

Ta kontakt med Svein Bakkalia (97535468) eller andre i redaksjonen dersom du har stoff eller idear til årboka



## Halvor Mosebø (1929-2010)

Den 24.oktober døydde Halvor Mosebø etter at helsa hadde svikta han over lengere tid. Halvor var medlem i HHL frå første stund, og deltok på det som var av tilstelningar og arrangement til det siste. Historieinteressa hadde han heile livet, og han satt inne med ein detaljkunnskap utanom det vanlege - særleg omkring slekter i bygdene heromkring.

Han var også heile tida interessert i å formidle kunnskapen. Dette fekk vi særleg nytte av ved at han heile tida var med på arbeidet med Hjartdalssoga. Vi var også så heldige å rekke å intervjuje han om yrket hans, tømmermåling, våren 2010. Dette var i samband med at Hjartdal skogeigarlag samlar stoff til ei jubileumsbok i 2012.

Mykje kunnskap måtte han nok likevel ta med seg. La dette igjen minne oss på kor viktig det er å samle og skrive ned kunnskapen om tidlegare tider.

Takk til Halvor for alt han fekk fortalt oss!

## Turismen i Noreg jubilerer i Tuddal

På ettersommaren 2010 blei det markert det ein regnar som 200-årsjubileet for turismen i Noreg.

Frå [www.tinn.kommune.no](http://www.tinn.kommune.no) :

*Det var en oppmåling av Rjukanfossen som ga startskuddet. - Oppmålingen ble gjort i august for 200 år siden, og førte til påstanden om at Rjukanfossen var verdens høyeste foss, går det fram av jubileumsplanen.*

*Dette var startskuddet for den første organiserte turismen i Norge. Fjord, dal og fjell i Telemark, på Vest- og Østlandet ble erobret av forskere, kunstnere og turister. Rjukanfossen, Vestfjorddalen og Gaustatoppen ble Norges turistmål nummer en.*


Tuddal var ein del av denne første turistruta, og der blei jubileet markert med kveldskonert om Ole Bull (200 år jubileum for Bulls fødsel) med Arve Tellefsen og Knut Buen på Tuddal amfi, fredag 13.august.



# Saulandskartet er ferdig

Turkartet der vi har samla svært mange lokale stadnamn frå saulandsområdet er nå ferdigtrykt og har vore i salg ei tid. Sjå nærmare omtale i kontaktblad nr.41.


Vi vil sjølvsagt selje mange eksemplar, og kan anbefale medlemmer og andre å kjøpe kartet. Ikkje minst kan det være ei grei gave til utflytta saulendingar, anten dei tenker seg på tur i Sauland eller berre vil ”reise” på kartet. Du får kjøpt kartet på bensinstasjonen i Sauland, i banken og i bokhandel. Prisen er 100 kr



## Styret:

Desse har vore styret for Hjartdal historielag etter årsmøtet våren 2010:

|                       |             |
|-----------------------|-------------|
| Torkel Hytta          | Formann     |
| Torunn Gjerjordet     | Sekretær    |
| Svein Bakkalia        | Kasserar    |
| Øystein Åsen          | Styremedlem |
| Brit Ingjerd Hjartsjø | Styremedlem |
| Geir Brukås           | Styremedlem |



## HJARTDAL HISTORIELAG

Formann: Torkel Hytta, 3692 SAULAND  
Tlf.: 35023150 to-hy@online.no

Kontaktblad- og web-redaktør: Leif Skoje, 3692 SAULAND  
Tlf.: 48237883 skoje@online.no

<http://www.hjartdalhistorielag.no>

Bank: Hjartdal og Gransherad sparebank: Konto: 2699 07 04332

*Bladet blir sendt alle medlemmer  
Bruk gjerne stoff frå bladet, men oppgje kjelde  
Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet*